




Invitasjon til samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

Rosendal 25 – 26. august 2008



Baroniet Rosendal er vertskap for den 7. samlinga i det Nasjonale Museumsnettverket for Kulturlandskap. Tema for denne samlinga er historiske hagar og vidare utvikling av felles prosjektarbeid i nettverket. Deltaking på samlinga er viktig for nettverksbygginga. Uformell kontakt er kjernefunksjonen til eit nettverk, så møt opp, få fagleg påfyll og opplev 1600-tals slottet og det vakre kulturlandskapet i Rosendal.

TEMA



Landskapet og kunstnarane: Det var mange kunstnarar som vitja Baroniet Rosendal og Folgefonnhalvøya på 1800-talet. Kunsthistorikar Magne Malmanger vil visa landskapsmåleria frå romantikken der mange av motiva er frå (Folgefonnhalvøya) dette området.

Historiske hagar: Tema vil her vera restaurering av kjøkenhagen på Baroniet Rosendal, registrering av planter i historiske hageanlegg, skjøtsel og drift av verneverdige anlegg.

Kulturlandskapet: På gåturen vil ein få omvising i eit typisk vestlandsk kulturlandskap med bl.a. husmannsplass og beitemarker.

Prosjektarbeid i nettverket:

Norgesgården. Kulturlandskapsnettverket har fått 100 000 til eit forprosjekt om Norgesgården. Dette er ei prosjekt som fokuserer på ulike gardstypar i landet. Her kan ein klassifisere hovudtypar og undertypar og sjå på driftsformer, strukturar i landskapet, bygningar og byggjeskikk, tekniske strukturar, kulturmarkstypar, reiskap, stadnamn o.l. som særmerker gardane. I forprosjektet ynskjer vi å lage eit felles system for strukturering av informasjon om dei ulike gardstypane som t.d. kystgardar, fjordgardar, fiskevær, innlandsgardar, skoggardar, heiegardar, sjø- og elvegardar, fjellgardar, samiske gardssystem o.l.

MÅNDAG 25. AUGUST: SMAKEBITAR AV BARONIET ROSENDAL

Stad: Seminarsalen på Rosendal Avlsgård

- | | |
|-------------|--|
| 11.00-11.30 | Registrering på Rosendal Avlsgård. Innkvartering. Kaffi, te og litt mat. |
| 11.30-11.45 | Velkomen ved museumsdirektør Anne Grete Honerød |
| 11.45-12.15 | Innleiing ved Leif Hauge og Liv Byrkjeland. |
| 12.15-12.45 | Restaurering av Kjøkken- & Urtehagen. Litt om dei historiske kjeldene og grunnlaget for restaureringa og rekonstruksjonen v/Margun Eik |
| 13.00-14.00 | Lunsj i Hagecaféen ved Kjøkken-& Urtehagen. <i>Vi går opp til hagen</i> |
| 14.00-14.15 | Ei lita omvising i Kjøkken-& Urtehagen. <i>Rosendal Drivhus</i> |
| 14.15-15.00 | Problemstillingar kring skjøtsel og drift av verneverdige hagar og landskapsparkar v/Geir Flatabø |
| 15.00-15.30 | Botanisk vandring i landskapsparken v/Geir Flatabø |
| 15.30- | Tur i kulturlandskapet. Vi går innom husmannsplassen Treo, langs med Hattebergfossen og ser innover beitemarka i Hattebergsdalen. Turen tek 1-2 timar. <i>(Pause etter turen)</i>
<i>Seminarsalen på Rosendal Avlsgård.</i> |

Kl. 18.00-18.50 Slik kunstnarane såg det! Folgefonnhalvøya og nasjonalromantikken.
Føredrag ved professor i kunsthistorie Magne Malmanger.

Vi går til slottet

Kl. 19.00-23.00 SLOTTSAFTEN:

- Omvising i herskapsetasjen på 1600-talsslottet
- Konsert i Den Røde Sal
- 3-retters middag i Den Blå Sal
- Kaffi og kaker ved 1600-tals grua i Gamlakjøkenet.



TYSDAG 26. AUGUST NETTVERSBYGGING

Seminarsalen på Rosendal Avlsgård.

07.30-08.30 Frukost i Storakjøkenet på Rosendal Avlsgård

08.30- Arbeidsøkt for nettverket:

- Norgesgården – presentasjon av forprosjektet
- Innlegg frå deltakarane
- Neste samling - val av stad og innspel til tema
- Kaffi

11.00 Historiske hagar - registrering av planter v/ Mari Marstein og Vibekke Vange

11.30 Skjøtsel av kulturlandskap – døme frå tre prosjekt som blir skjøtta meir eller mindre på dugnadsbasis: Bøenseter, Ryghsetra og Mikkelerud v/ Kristina Bjureke.

12.00 Hovedøyafilmen

12.30 Lunsj i Hagecaféen.

13.30. Oppsummering og avreise. Vi går til Folgefonna informasjonssenter ved kaien


13.50 Biletspelet "Drama i berg", om landskapsforming og geologi på Folgefonnhalvøya.

14.20 Båten går til Bergen

Reise:

Mån.-fred. går det båt frå Flesland kl. 09.25 (Rosendal 10.55) og kl. 16.55 (Rosendal 18.25). www.rodne.no. Tilbake går båten frå Rosendal kl. 14.20., og er på Flesland 15.50 og i Bergen 16.15.

Båten kl. 09.25 kan passe fint for dei som kjem med morgonfly til Flesland. Det går buss frå flyplassen til Flesland kai. Båtruta startar inne i Bergen kl. 09.00. Det passar bra for dei som bur i Bergen eller for dei som kjem med nattog.



Båten er framme i Rosendal kl 11.00. Det tek ca. 10 min å gå opp til Avlsgarden. Sjå elles reisetips på nettsidene: <http://www.baroniet.no/no/reise.php>

Overnatting



Arrangørane ordnar med overnatting på Rosedal Avlsgård & Fruehus som ligg like ved Baroniet (<http://www.baroniet.no/no/avlsgard.php>). Her er det 24 rom og 40 sengeplassar. Det er ikkje nok enkeltrom til alle, så vi brukar førstemann til mølla prinsippet her.

Dersom det er trong for fleire enkeltrom, så er det mogeleg å overnatta på Rosendal Fjordhotell eller andre stader i bygda. Dei som ynskjer å overnatta andre stader enn Rosedal Avlsgård & Fruehus, må gje melding om det ved påmelding.

Deltakaravgift

Denne gongen har vi fått gode prisar på mat og overnatting frå Baroniet på kr. 1500 for dei som vil overnatte på enkeltrom og 1250 for dei som vil overnatte på dobbeltrom. Prisane inkluderar overnatting, måltider og slottsaften med konsert.

Praktisk informasjon:

Ta med gode ute-klede og sko til å gå i terrenget med. Hugs at det regnar mykje i Hardanger....

Spørsmål om reise eller andre praktiske ting, kontakt Margun Eik på Baroniet; margun@baroniet.no

PÅMELDING innan 15. juni

Namn:

Institusjon:

Kryss av:

Overnatting ?		Deltek berre 25. 08	Deltek berre 26. 08
Enkeltrom	Dobbeltrom		

SEND PÅMELDINGA TIL:

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, Vestreim, 6854 Kaupanger. Tlf. 57 67 82 06
Liv.byrkjeland@dhs.museum.no (be om å få påmeldinga bekrefta – ikkje alle e-postane kom fram sist gong...)